

Mimir Kristjánsson (nyhetssjef) | Emilie Ekeberg
Pål Hellesnes | Anne Kari Hinna | Stian Nicolaisen
okonomi@klassekampen.no

ØKONOMI & arbeidsliv

VEKST FOR TELENO:

Rekordhøyt resultat i andre kvartal

Telenor melder om et rekordhøyt driftsresultat før andre inntekter og kostnader i andre kvartal. Totalt økte driftsresultatet med 12 prosent. Driftsresultatet før andre inntekter og kostnader (EBITDA) økte fra 11,3 til 12,7 milliarder kroner. Det tilsvarer en EBITDA-margin på 40 prosent – en økning på 4 prosentpoeng fra året før.

– Vi reduserer kostnadene med 0,6 milliarder kroner, og alle våre virksomheter beører sine marginer. Robustheten i den norske virksomheten, den sterke inntektsveksten i Bangladesh og at inntektene igjen øker i Thailand er noen av høydepunkten for kvartalet, sier konsernsjef Sigve Brekke.

Enda bedre

Det gode resultatet gjør at Telenor nå tror årsresultatet vil bli enda bedre enn ventet.

– Basert på resultatene i første halvdel av 2017 og våre forventninger til utviklingen for resten av året, endrer vi de finansielle utsiktene for 2017. Vi øker forventet EBITDA-margin til 38–39 prosent, fra tidligere rundt 37 prosent, sier Brekke.

Han sier selskapet fortsatt forventer en organisk inntektsvekst på 1–2 prosent og at investeringer eksklusive lisenser og spektrum vil til-



BEDRER: Konsernsjef Sigve Brekke.

svare 15–16 prosent av driftsinntektene.

Opp i Bangladesh

Telenor fikk 1,9 millioner nye mobilabonnementer i forrige kvartal. Bare i Bangladesh fikk konsernet 1,7 millioner nye abonnementer, og selskapet har nå 62 millioner kunder i Bangladesh alene. Totalt har Telenor 174 millioner mobilabonnementer.

Samtidig mistet Telenorselskapet Dtaq i Thailand over 700.000 mobilkunder fra april til juni. Til tross for den skarpe konkurransen, økte selskapet både inntektene og resultatet.


Men salget av aksjer i det tidligere Vimpelcom – Veon – ga et tap på 7,5 milliarder kroner i andre kvartal. ©NTB

DAGENS GRAF

Færre tunge løft på jobben

Det er færre tunge løft, færre som blir psykisk utmatta på jobb og færre med nakke- eller ryggplager nå enn enn for ti år siden.

Kilde: Statistisk sentralbyrå



SSB har erstattा fattigdomsbegrep Har define

ALEINE: Medan EU og OECD publiserer fattigdomstal, har Statistisk sentralbyrå gått over til omgrepel låginntekt. Det meiner omgrepel «fattig» blir for sterkt i norsk samanheng.

FATTIGDOM

Av Anne Kari Hinna (tekst og foto), Bergen

Tal som svarar til det Statistisk sentralbyrå (SSB) i Norge omtalar som «låginntekt» blir sendt til EUs statistikkorgan Eurostat og publisert som «at risk of poverty».

Også OECD brukar eit omgrep for relativ inntektsfattigdom om personar som er i botn av inntektsfordelinga og kallar det «poverty».

– Norge skil seg ut, seier forskar ved SSB, Rolf Aaberge.

Aaberge er internasjonal ekspert på økonomisk ulikskap og blant forskarane ved SSB som forskar på det han sjølv omtalar som fattigdom.

Aaberge understrekar at han som forskar ved SSB kan bruka omgrepel fattig i SSB-publikasjonar, men han stiller seg undrande til at statistikkavdelinga brukar omgrepel «låginntekt» sidan Eurostat og dei andre landa i EU brukar «fattigdom».

Han meiner praksisen til SSB kan skapa forvirring både fordi den ikkje samsvarer med resten av Europa og fordi SSB også publiserer rapportar og artiklar der «låginntekt» vert kalla «fattigdom».

– Me gjer tilsvarande berekingar som andre land i Europa, seier Aaberge.

Handlar om deltaking

Aaberge viser til at Eurostat bygger på eit vedtak frå EUs ministerråd i 1975 om at fattigdomsgrensene skal vera avhengige av den generelle levestandarden i medlemslanda. Fattigdomsgrensa er knytt til høve for deltaking i samfunnet.

– Dette er i samsvar med det den engelske økonomen Adam Smith føreslo for 240 år sidan om «appearing in public without shame». I dei siste 15 åra har EU bestemt at fattigdomsgrensa skal vera lik 60 prosent av medianinntekta etter at inntektene er gjort samanliknbare på tvers av hushaldstypar, men SSB kallar altså denne grensa for låginntektsgrense, seier han.

Det var då dagens sentralbanksjef Øystein Olsen var direktør for SSB at det blei be-

FAKTA

Fattigdom:

■ Mens Eurostat og OECD publiserer statistikk for relativ inntektsfattigdom, brukar Statistisk sentralbyrå (SSB) låginntekt.

■ Personar i eit hushald som disponerer ei inntekt under 60 prosent av medianinntekta i landa er i risiko for fattigdom, ifølgje EU.

■ SSB har gått vekk frå eit fattigdomsomgrep, men publiserer tal for låginntekt.

stemte at statistikkavdelinga skulle å gå vekk frå omgrepel fattig og fattigdomsgrense.

Ifølgje Aaberge var grunnen til at SSB vedtok å gå vekk frå å kalla gruppa i botn av inntektsfordelinga for fattige, alt-så dei som har ei inntekt under 60 prosent av medianinntekta i Norge, blant anna at omgrepel fattigdom kunne gi assosiasjonar til levekårstilhøva frå ei fjern fortid eller tilhøva i mange utviklingsland.

– Fattige var folk som opplevde naud og levde omtrent på eksistensgrensa, medan inntektsfattigdom i Europa i dag betyr at ein har avgrensa mulegheiter for å kunne delta aktivt i samfunnslivet, seier Aaberge.

– Meiner du SSB må gå tilbake å bruka fattigdom?

– Ja, det er det enklaste. Når det gjeld publisering av slike tal, bør SSB heller brukar meir innsats på å forklara kva me skal forstå med omgrepel og dessutan peika på dei mange problema som er knytt til definisjon og måling av låginntektsfattigdom. For eksempel at verdien av å vera mottakar av gratis eller subsidierte offentlege tenester som barnehage, utdanning, helse og pleie og omsorg ikkje er med i berekningsgrunnlaget til den offisielle statistikken.

Fattigdom for sterkt

Torstein Bye er direktør for avdeling for person- og sosialstatistikk ved SSB. Han stadsfester at SSB bestemte seg for å gå vekk frå å bruka fattigdom som omgrep for personar i botn av inntektsstatistikken.

– **SSB hadde ein diskusjon tidleg på 2000-talet om kva fattigdom var og om ein er fattig i Norge sjølv om ein hadde ei inntekt på 50/60 prosent under medianinntekt. SSB meinte fattig var for**



Klassekampen 17. juli.

sterkt. Derfor gjekk me over til låginntekt, seier han.

– Er det ikke litt rart at Norge skal skilja seg ut, dei same tala blir i av Eurostat publisert som «risk of poverty»?

– For det første betyr jo helst ikkje «risk of poverty» fattig, men at du er utsett for å vera fattig. Det er også generelt vanskeleg å samanlikna Norge og EU. Norge har ein betydeleg offentleg sektor som omfordeler gjennom of-

et med «låginntekt» ■ Forskar i SSB er kritisk til endringa ert ut fattigdom



TETT PÅ: Wenche Berg Husebø er med i Aksjonsgruppa for sosial og fagrådgivar ved Robin Hood Huset. Ingrid Husevåg Døskeland jobbar med fattigdomsproblematikk i Bergen. – Det ligg ein verdi i å kalla ein spade for ein spade, seier Døskeland.

fentlege tenester, som ein også bør ta omsyn til i vurderinga av fattigdom. Sidan desse ikkje er tatt med kan det vera betre å bruka låginntekt for dette målet i Norge. Dette er mindre viktig i dei fleste EU-land, seier han.

– Er det ikkje fattigdom i Norge i dag?

– Me publiserer tal for låginntekt.

Bye held døra open for ei ny vurdering, men det står ikkje øvst på dagsorden i SSB.

– Fyrst skal me sjå om me kan få etablert ein springande statistikk som også inneheld betydinga av offentlege tenester så får me heller komma tilbake til det spørsmålet etter det, seier Bye.

annekarinh@klassekampen.no

Vil snakka om fattigdom

Wenche Berg Husebø har jobba med fattigdomsproblematikk i ei årrekke. Ho er i dag med å drifta Aksjonsgruppa for sosial naud og har tidlegare jobba ved Robin Hood huset, eit tilbod for økonomisk vanskelegstilte i Bergen.

– Har me fattigdom i Norge i dag?

– Ja, det har me. Me har eit stadig aukande tal barn som lever med foreldre som er fattige. Då eg begynte med dette i 1994, snakka ein om 12.000 barn som levde med foreldre under fattigdomsgrensa. I dag er me over 100.000 barn.

– *Meiner du at me skal snakka om fattigdom eller låginntekt?*

– Me skal snakka om fattigdom, og me skal snakka om barnefattigdom på ein slik måte at dersom ikkje foreldra var fattige, hadde heller ikkje borna vore fattige.

– *Kva inneber det å vera fattig i Norge i dag?*

– Utanforskap. Det betyr at du ikkje kan gjera dei tinga som andre gjer, seier Husebø.

Ho seier at ein ting er å reisa på sommarferie, men mange barn i fattige familiar kan heller ikkje vera med på slike aktivitetar barn flest gjer flei-

re gongar i løpet av året, som å arrangera og gå i bursdagsbesök eller å spontant bestemma seg for å gå på kino.

– 120 kroner for ein barnebillet på kino, kor mange ganger i løpet av eit år har ein råd til å gjera det når det som er disponibelt etter at lån og rekningar kanskje er 1000 kroner i veka for mor og barn?

Husebø veit sjølv kva det vil seiå vera fattig i Norge.

– Min son var tolv då eg blei så sjuk at eg ikkje lengre kunne jobba. No er han 35. Det var noko av grunnen til at eg var med å starta aksjons-

grunnen for sosial naud, fortel Husebø.

Ho mottak sosialstønad i fleire år før ho blei uføretrygd.

– *Kva sparar ein på når ein skal få budsjettet til å gå opp?*

– Mat er det enklaste å spa- ra på. Dei som har barn vil heller kjøpa nye sko til barna sine enn å gå til tannlegen sjølv.

– *Bør SSB gå tilbake til å publisera tal om fattigdom?*

– Ja, det synst eg. Og det er veldig fint at tilsette på SSB seier det og ikkje berre eg. Eg trur at å pakka det inn i fine ord ikkje endrar situasjonen.